

# surnadal kulturhus

Salg av billetter i resepsjonen på kulturhuset.

Alle dager – 24.t. – tlf. 71 65 71 00

Kiosken opnar 1 time før forestillingar. – tlf. 71 65 71 08

Billettsalg på nett: [www.surnadal-kulturhus.no](http://www.surnadal-kulturhus.no)

E-post: [post@surnadal-kulturhus.no](mailto:post@surnadal-kulturhus.no)



NØTTEKNEKKEREN



TO TENORER OG VOX



HAPPY FEET 2



ARME RIDDERE



SURNADAL

[www.varsog-hotell.no](http://www.varsog-hotell.no)

Kulturkalenderen – Desember 2011



# På Kino

## Aktuelle filmar i desember



### HAPPY FEET 2 (3D – NO.TALE)

Familiefilm/Animasjon

I animasjonsfilmen og oppfølgeren til Oscar-vinnaren "Happy Feet" frå 2006 er vi igjen tilbake det storslåtte og vakre landskapet i Antarktis, med full 3D og norsk tale. Det oppstår store problem for keisarpingvinen og steppекongen Mumble når det viser seg at sonen Erik ikkje kan danse. Motvillig til å lære reiser Erik ut på egne eventyr. Her får han møte Den mektige Sven - ein pingvin som kan fly!



### ARME RIDDERE

Action/Komedie 1 t. 26 min. 15 år


Nølande byrjar Oscar å fortelje den utrulege historia om fire karar som saman fekk tolv rette i tipping og 1.739.361 kr i fanget. Pengane skulle vise seg å være vanskeleg å dele på fire. Arme Riddere er ein spanande, leiken og blodig komedie frå produsenten av Fritt Vilt. Filmen er basert på ei historie av krimforfattar nummer ein i Noreg; Jo Nesbø. Vi møter ein gjeng rufsete karar med felles kriminell bakgrunn. Det er Oscar (Kyrre Hellum), Thor (Mads Ousdal), Billy (Arthur Berning) og Tresko (Andreas Cappelen).



### ARTHURS JULEGAVERACE (3D – NO.TALE)

Animasjon 1 t. 37 min. Alle

Den dataanimerte 3D-komedien Arthurs Julegaverace, avslører endeleg det utrulege, til no ukjende svaret på det spørsmålet alle barn stiller: Korleis klarar Julenissen å levere alle presangane i løpet av ei einaste natt? Svaret: Julenissen sin fantastiske, ultra-høgteknologiske operasjon skjult under Nordpolen. Men i sentrum for heile filmen ligg ei historie med alle ingrediensane til ei klassisk juleforteljing. Ein komisk dysfunksjonell familie og ein usannsynleg helt, Arthur, med et presserande oppdrag som må fullførast før jula er her.



### THE RUM DIARY

Drama 1 t. 49 min. 11 år

Hunter S. Thompson si bok og historie handlar om journalisten Paul Kemp, spela av Johnny Depp, som jobbar i ein uryddig og vaklande avisredaksjon i Karibien. Inspirasjonen til boka henta Thompson frå sine egne erfaringar som journalist i karibiske Puerto Rico på 60-talet. For regien står mannen bak ein av dei verkkelige kulturfilmene i seinare tid, regissøren, manusforfattaren og skodespelaren Bruce Robinson, som fekk verda til å elske fantastiske "Whitnail and I" i 1987.



### ALVIN OG GJENGEN 3

Animasjon/Komedie

Alvin, Simon, Theodor og Chipettene lever livets glade dagar som berre dei kan gjere, dansande og syngjande om bord på eit cruiseskip i Karibien. Men når ulykka er ute og dei hamnar over bord, blir dei skylt i land og strandar på ei tropisk øy. Dei oppdagar at øya ikkje er så øde som dei først trur, og no blir dei tvinga til å bruke fantasien for å prøve og komme seg heim igjen.



### SHERLOCK HOLMES: A GAME OF SHADOWS

Drama/Fantasy 1 t. 53 min. 11 år

Robert Downey Jr. er tilbake igjen i rollen som den mest kjende detektiven i verda; Sherlock Holmes. Jude Law er også tilbake som Holmes sin gode kollega Dr. Watson, også denne gongen har Guy Ritchie regien. Noomi Rapace kjend frå Millenium-trilogien er også på rollelista.

# Aktivitetar

## 1.12. TORSDAGSTREFF

Vi fortsetter med Torsdagstreffa på kulturhuset. Det ser ut til at dette er noko som fengar dei godt vaksne. Først er det litt lett underhaldning på Kammeret, så kanskje det viktigaste, kaffe og prat i foajeen. For at det skal bli enklare å å halda styr på kva for torsdag det er, så satsar vi på den første torsdagen i kvar månad, kl. 13.30. Denne gongen er det Narve Talgø som står for underhaldninga. Vi er takksame for forslag til underhaldning.

## 3.12. KAFFEKONSERT

Kulturskolen held ein tradisjonell førjuls kaffekonsert i foajeen på kulturhuset. Dei yngre elevane deltek med lett julemusikk og litt anna.

## 4.12. ADVENTSKONSERT MED TO TENORER OG VOX

Denne søndagskvelden blir det vakker song med dei to tenorane Tore Johansen og Erik Wenberg Jacobsen. Vi får i tillegg høyra vårt lokale kor Vox, både dei åleine, og saman med solistane. Dette er koret til Rolf Arne Berg, dei starta opp på bankens sitt store kor-slag, og har sidan fortset under namnet Vox. Dei to tenorane er nok kjent for dei fleste, spesielt Tore "Gjertrud" Johansen.

## 6.12. JULEFORESTILLING OG KUNSTUTSTILLING MED KULTURSKOLEN

Opning av kunstutstilling kl. 17.30.

Kulturskolen inviterer til song, dans, drama og musikk med god førjulsstemning i Storstuå kl. 18.00. Fri inngang.

## 7.12. JAKTDAG MED TOR OLA DEHLI

Norges mest kjende lokkejeger Tor Ola Dehli kjem til Surnadal kulturhus for å halda eit foredrag /kurs i predatorjakt. Surnadal jeger og fiskeforening stiller også opp med jegerquiz med fine premiar. Det blir også sal frå Tor Ola s jaktbutikk, "Storfangst".

## 7.12. ADVENTSKONSERT I FOAJEEN MED TORDENSKJOLD SONGLAG

Variert repertoar med julemusikk, allsang, kaffe med noko attåt.

Utlodding.

Vel møtt til adventstemning!

## 10.12. NØTTEKNEKKAREN

Det blir ikkje jul utan.

Velkomen inn i ei magisk juleforestilling, der trolldom og magi rår. Her veks juletre, tinnsoldatar slest og drømmar blir levande.

Det er sjølvaste julekvelden, og heime hos søskena Klara og Fritz er årets favorittgåve ei stor Nøtteknekkerdukke. Etter ein vellykka julefeiring går alle kvar til sitt og snart sover heile huset. Da byrjar plutselig ting å skje.

Unge dansarar frå Operaens Ballettsenter og elevar frå Halså og Surnadal.

## 16.- 31.12. UTSTILLING AV KALLA SKRØVSETH SIN KUNST

Dette blir andre utstilling med bilder av Surnadals-kunstneren Kalla Skrøvseth her på huset. Denne gongen tek vi for oss dei meir sakrale kunstverka. Bernt Bøe og Sigrid Vetleseter Bøe underheld.

## Kulturhuset har igjen gavekort til sals, både i Storstuå og på Kammeret. Kanskje ein grei julepresang?

Gavekorta gjev fri adgang for ein person til ei valgfri forestilling. Verdi kr. 280,-

**Åpningstider i jula:** sjå kulturhuset og hotellets heimesider.



BIBLIOTEKET

Opningstider: Måndag og Onsdag 11.00- 19.00  
Tysdag og Torsdag 11.00 -16.00  
Fredag 11.00 -15.00  
Laurdag 11.00 -14.00

Heimeside: <http://www.surnadal-folkebibliotek.no>

Tlf. 71 65 93 01 • Fax. 71 65 93 02

E-post: [biblioteket@surnadal.kommune.no](mailto:biblioteket@surnadal.kommune.no)



Todalen filial: Torsdag 18.00-20.00





# FØRJULSTID PÅ VÅRSØG HOTELL

I Horisonten Restaurant serveres det smakfull julemat frå 19. november. I følgje med lun stemning og triveleg selskap blir det ei flott ramme for ei kvar anledning.

*"Det mest fantastiske jeg har opplevd!" Julebordsgjest 2010*

Juletallerken med dessert	kr 335,-
Pinnekjøtt- tallerken	kr 305,-
Pinnekjøtt – tallerken med dessert	kr 365,-
Lutfisk med klassisk tilbehør og dessert	kr 405,-
(må bestilles 4 dager i forkant)	

Ring 71 65 71 00 for bordbestilling, og ta gjerne kontakt for eit godt tilbod.



+47 71 65 71 00

[www.varsog-hotell.no](http://www.varsog-hotell.no)

[post@varsog-hotell.no](mailto:post@varsog-hotell.no)



**GJENSIDIGE**  
Surnadal

## Levende lys

En jul uten levende lys er nesten utenkelig. Men du skal også være klar over at stearinlys ofte er årsak til alvorlige branner.

### Når du bruker levende lys skal du:

- 1: alltid holde de under oppsikt.
- 2: aldri plassere de nært brennbart materiale. Telys må plasseres på noe som tåler høy temperatur.
- 3: alltid sørge for at de står stødig.
- 4: aldri bruke brennbare lysestaker og/eller brennbare lysmansjetter.

### Bruk av levende lys i juletreet bør ikke forekomme!

Besøk oss i AMFI Surnadal • Tlf 03100  
[surnadal@gjensidige.no](mailto:surnadal@gjensidige.no) • [www.surnadal-gjensidige.no](http://www.surnadal-gjensidige.no)

*God Jul og Godt nytt år!*





	Dag	Dato	Kl	Forestilling	Sal	Alder	Tid	Dette skal eg på (Set X)
Veke 48	<b>Tor</b>	<b>1</b>	<b>13.30</b>	<b>Torsdagstreff</b>	<b>Kammerset</b>	<b>Alle</b>		
	Fre	2	18.00	Happy Feet 2 (no. tale 3D)	Kammerset			
	Fre	2	20.30	Arme Riddere	Kammerset	15	1.26	
	<b>Laur</b>	<b>3</b>	<b>12.00</b>	<b>Kaffekonsert med kulturskulen</b>	<b>Foaje</b>	<b>Alle</b>		
	Søn	4	18.00	Happy Feet 2 (no. tale 3D)	Kammerset			
	<b>Søn</b>	<b>4</b>	<b>20.00</b>	<b>To tenorer og Vox</b>	<b>Storstua</b>	<b>Alle</b>		
	Søn	4	20.30	Arme Riddere	Kammerset	15	1.26	
Veke 49	<b>Tir</b>	<b>6</b>	<b>17.30</b>	<b>Kunstutstilling med elevar frå kulturskulen</b>	<b>Finstua</b>	<b>Alle</b>		
	<b>Tir</b>	<b>6</b>	<b>18.00</b>	<b>Julekonsert med elevar frå kulturskulen</b>	<b>Storstua</b>	<b>Alle</b>		
	Ons	7	18.00	Happy Feet 2 (no. tale 3D)	Kammerset			
	<b>Ons</b>	<b>7</b>	<b>18.00</b>	<b>Jaktdag med Tor Ola Dæhli</b>	<b>Storstua</b>	<b>Alle</b>		
	<b>Ons</b>	<b>7</b>	<b>19.00</b>	<b>Adventskonsert med Tordenskjold Songlag</b>	<b>Foajeen</b>	<b>Alle</b>		
	Ons	7	20.30	Arme Riddere	Kammerset	15	1.26	
	Fre	9	18.00	Happy Feet 2 (no. tale 3D)	Kammerset			
	Fre	9	20.30	Arme Riddere	Kammerset	15	1.26	
	<b>Lør</b>	<b>10</b>	<b>18.00</b>	<b>Nøtteknekkeren</b>	<b>Storstua</b>			
	Søn	11	18.00	Happy Feet 2 (no. tale 3D)	Kammerset			
Søn	11	20.30	Arme Riddere	Kammerset	15	1.26		
Veke 50	Ons	14	18.00	Happy Feet 2 (no. tale 3D)	Kammerset			
	Ons	14	20.30	Arme Riddere	Kammerset	15	1.26	
	<b>Fre</b>	<b>16</b>	<b>18.00</b>	<b>Kunstutstilling – Kalla Skrøvseth</b>	<b>Finstua</b>	<b>Alle</b>		
	Fre	16	18.00	Arthurs Julegaverace (no. tale 3D)	Kammerset	Alle	1.37	
	Fre	16	20.30	The Rum Diary	Kammerset	11	1.49	
	Søn	18	18.00	Arthurs Julegaverace (no. tale 3D)	Kammerset	Alle	1.37	
Søn	18	20.30	The Rum Diary	Kammerset	11	1.49		
V51	Ons	21	18.00	Arthurs Julegaverace (no. tale 3D)	Kammerset	Alle	1.37	
	Ons	21	20.30	The Rum Diary	Kammerset	11	1.49	
Veke 52	Fre	27	18.00	Alvin og gjengen 3	Kammerset			
	Fre	27	20.30	Sherlock Holmes:A game of shadows	Kammerset			
	Fre	30	18.00	Alvin og gjengen 3	Kammerset			
	Fre	30	20.30	Sherlock Holmes:A game of shadows	Kammerset			

## Faste arrangementer

**Seniordansen;**  
kvar tirsdag, 11.00 – 13.00  
**Tordenskjold Songlag;**  
kvar onsdag, 19.00 – 23.00  
**Eldre hjelper eldre;**  
kvar fredag, 11.00 – 13.00  
**Torsdagstreff;**  
første torsdag i kvar månad, 13.30 – 15.30

## Mykje å gle seg til

8.1. **Nyttårskonsert med TrondheimSolistene**  
24.1. **Nyttårskonsert med kulturskolen.**  
4.2. **Basar i foajeen. Surnadal Røde Kors.**  
15.2.-18.2. **Russerevy.**  
20.2. **Dacapo med Vidar Lønn Arnesen.**  
3.3. **“Stemmer fra Surnadal” konsert med lokale aktører.**  
16.3. **Dalapop.**

## Ut ein tur?

### Horisonten Restaurant

Vi serverer fantastisk julemat kvar dag.  
Og kan legge til rette for ei trivelig førjulstid for deg og dine!

Lunchservering  
Mandag – Fredag 11.00-14.00

A la carte  
Mandag – Torsdag 18.00 – 22.00  
Fredag – laurdag Julebord  
Søndag 15.00 – 20.00

Og om du har eit spesielt ønske, så skreddersyr vi gjerne.

### Musters Pub:

Hærleg Torsdag 16.00 – 23.00  
Dagens utvalgte rett for berre 49,-!

Fredags-kos 16.00 – 02.00  
Start helgakosen i Musters!

Lørdag 13.00 – 02.00  
Vi har knallgod spesialkaffe, og gode smårettar.  
Perfekt etter ein hektisk julehandel!

### Råkk

Åpe kvar laurdag med egen DJ!  
Fra kl: 22.00 – 02.00

### Dette skjer ellers:

- 02.-03.12 Julebordsdans i Den Glade Laks med Phoenix Reel.  
Pent antrekk
- 16.-17.12 Julebordsdans i Den Glade Laks med G-Strings  
Pent antrekk
- 26.12 2.juledagsfest  
Non-stop Musikk i Den Glade Laks fra kl 22.00 – 20 års aldersgrense  
Egen DJ i Råkk – 18 års aldersgrense
- 28.12 4.juledagsfest  
STAUT i Den Glade Laks.  
20 års aldersgrense  
Egen DJ i Råkk – 18 års aldersgrense
- 29.12 Julebord “ Kom og Dans 50+”  
Det blir servert buffet med varmmat julemat og dessertbord.  
Dalagutan spelar opp til dans i Den Glade Laks.  
Pris pr person ink mat og dans, kr 500,-  
Påmelding til resepsjonen ved Vårsøg Hotell, tlf 71 65 71 00, innan 19.12.11

Sjå og vår nye, flotte heimeside for meir informasjon, og om våre opningstider i jula:

[www.varsog-hotell.no](http://www.varsog-hotell.no)

Og følg oss på facebook for daglege oppdateringar!